SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Ingeborg Lysne Mcevoy
E-post: Ingeborg.Lysne.Mcevoy@sfj.no
Tlf.: 57638173

Vår ref.
Sak nr.: 18/7886-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
41594/18

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 10.09.2018

Notat

Frå: Fylkesdirektøren

Til: Hovudutvalet

Kopi til:

Travel like the locals - notat til hovudutval for næring og kultur og hovudutval for samferdsle

Prosjektet «Travel like the locals» er ei løysing for å synleggjere kollektivtransport tilbodet for tilreisande på ein enkel måte, fylle opp tomme seter på eksisterande ruter for buss, båt og ferje som vil gje positive ringverknadar til reiselivsnæringa. Møre og Romsdal tok initiativ til prosjektet Travel like the locals i 2016. No ynskjer Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland å lage ei løysing tilpassa våre fylke i eit samarbeid.

Prosjektet handlar om å gjere eit utval rundreiser tilgjengelig gjennom marknadsføring og booking med turskildringar retta mot tilreisande. Turane kan bookast på førehand eller under eit opphald gjennom ei nettside eller over disk på utvalde stader.

Prosjektet er eit samarbeid mellom næringsavdelingane og samferdsleavdelingane i dei tre fylkeskommunane der næringsavdelinga i Hordaland er prosjekteigar. Det har i fleire år vore eit sterkt ynskje frå reiselivsnæringa at kollektivtrafikken kan bli betre tilpassa og meir tilgjengeleg for tilreisande. Samstundes er det gode miljø- og klimamessige grunnar til at vi ynskjer å få fleire bort frå eigen bil, og over på kollektive reiseformer. Eit aukande tal turistar ynskjer også sjølve å sjå reisemålet «frå innsida» - dei ynskjer å reise som dei lokale. Prosjektet løyser problemstillinga på ein enkel måte ved å nytte eksisterande ruter og gjere dei synlege, attraktive og lett å booke direkte.

Tilbodet skal vere klart til bruk før sesongen 2019, arbeidet må difor starte hausten 2018. Prosjektet er politisk forankra i Hordaland som har sett av 300 000 kr. Sogn og Fjordane er innstilt på å støtte prosjektet med same sum. Ei løyving vert handsama i HNK sitt møte 25. september 2018. Midlane skal gå til å blant anna dekkje kostnadar knytt til prosjektleiing. Det er behov for ein prosjektleiar som kan hjelpe kollektivselskapa, næringsseksjonane og andre involverte å finne løysingar som er relevante for dei involverte fylka. Det er nødvendig med ein prosjektleiar som har kompetanse både frå samferdsle og reiseliv. Hovudoppgåva til prosjektleiar er å finne ut korleis prosjektet må organiserast for å lukkast i dei tre fylka og å opprette ei styringsgruppe med brei representasjon frå deltakarane. Prosjektet skal være eit tillegg til eksisterande ressursar for at dette arbeidet skal kunne gjerast tidsnok til at tiltaket kan starte opp for sesongen 2019 (ideelt før turistsesongen startar i april 2019). Det vil vere opp til prosjektleiar å lage ei fullstendig oversikt over kostnadane knytt til heile prosjektet. Det kan difor vere behov for meir midlar, men dette vert fremma i ein søknad seinare når kostnadane er fullstendig kartlagt.

«Travel like the locals» skal ta utgangspunkt i eksisterande ruter og utnytte ledig kapasitet på rutegåande buss, hurtigbåt, tog og ferje. Det er eit særleg behov for dette i sommarmånadane, men det er ynskjeleg å få på plass ei løysing som baserer seg på heile året med særleg vekt på destinasjonar som satsar på heilårsturisme. Prosjektet vil bidra til auka verdiskaping for kollektiv transporttilbod og for reiselivsnæringa, betre flyt av turistar vekk frå tettstadane og ut i distrikt, og eit meir miljøvenleg transportalternativ enn om alle skulle reist med bil. Prosjektet støttar opp om målet om at Vestlandregionen skal vere eit miljøvenleg reisemål og auke fokuset på berekraftig utvikling av reiselivet.